



Helene Huse Bjørnebøle: - Kjempefornøgd med etablerarstipendet.

Barnehageprosjektet på Dønhaug har fått eit etablerarstipend av Innovasjon Norge på inntil 47.000 kroner. Det må akseptrast innan 27. februar, elles fell det bort.

- Dette er vi kjempefornøgd med, vi fekk 59,5 prosent av godkjende kostnader medan det maksimale er 75

prosent, seier initiativtakar Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no.

Men også ei rekkje andre spørsmål må avklarast før det kan gjevast grønt ljøs for byggjinga av denne private barnehagen der gamlehuset på Dønhaug gard (brukernummer ein) låg.

Den kostnadsramma som er lagt til grunn for prosjektet og som er godkjend lyd på 79.000 kroner. Den er fordelt med 8.000 på kompetanseutvikling og kurs, 30.000 på eige arbeid, undersøking og planleggjing, 9.000 på litteratur, telefonar, reiseutgifter og ekskursjonar og 32.000 på prosjektering.

Av Ola Matti Mathisen